

# Planprogram

## Kommunedelplan Naturmangfold



**HJELMELAND KOMMUNE**

*Vedtatt i kommunestyret 12.09.2024*

## Innhald

Innleiing.....	3
1 Rammer og premisser for planarbeidet .....	4
1.1 Føringar og lovverk.....	4
1.2 Status i Hjelmeland .....	6
1.3 Omfang og innhald av kommunedelplanen .....	9
1.4 Formål med planarbeidet .....	10
2 Organisering av planarbeidet – Planprogram .....	11
2.1 Organisering.....	11
2.2 Framdriftsplan for planprosessen .....	12
2.3 Medverknad.....	13
2.4 Behov for utgreiingar .....	14

## Innleiing

### Hjelmeland Naturlegvis

Naturen er allstad nærverande i Hjelmeland. Store deler av næringslivet i Hjelmeland er tufta på å nytta naturressursar. Naturen har stor verdi for innbyggjarar og besøkande, både for sjølvne opplevinga av naturen, men også som arena for eit aktivt friluftsliv. Viktigast av alt – naturen har ein eigen verdi. Ei berekraftig forvaltning av naturen og mangfaldet av natur er følgeleg avgjerande for kommunen.

Naturen i Hjelmeland er mangfaldig. I føremålsparagrafen i naturmangfaldlova (§1) er naturmangfald omtalt som biologisk mangfald, landskapsmessig og geologisk mangfald, og økologiske prosessar. Hjelmeland strekkjer seg frå havnivå ved fjorden og opp til snaufjellet på over 1200 moh. Me har fjordar med bratte fjellsider, men også opnare kystlandskap. Klimaet er mildt og fuktig. Dette gjer at det er stor variasjon i landskapstypar, geologi, naturtypar og stort artsmangfald. Både på land og i sjøen. Det er mange ulike typar naturområde som er viktige for mange ulike økologiske prosessar og samanhengen mellom desse.

Kommunen har eit stort ansvar for å forvalta naturmangfaldet på ein god måte. Målet er at ein eigen kommunedelplan for naturmangfald skal bli eit verkøy for kommunen i dette arbeidet.

Fordi naturmangfald er eit stort emne og fordi Hjelmeland omfattar over 1000 km<sup>2</sup> med naturmangfald, vil ein arbeidet med denne første kommunedelplanen for naturmangfald måtta gjera nokre prioriteringar i forhold til innhald og omfang.

#### **Tilskotsordninga via Miljødirektoratet:**

Miljødirektoratet har ei eiga satsing på naturmangfald i kommuneplanlegginga, med ei tilskotsordning for dette føremålet. Hjelmeland kommune har fått tilsegn om kr 400 000 frå denne støtteordninga til å utarbeide ein eigen kommunedelplan for naturmangfald.

#### **Samordning med planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel:**

Kommunen er i gang med arbeidet med utarbeiding av planstrategi og planprogram for kommuneplanen samfunnsdel, med påfølgjande arealdel. Målet er at arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan for naturmangfald skal gå nokså parallelt, og at ein difor skal kunna samkøyra nokre av delane i planarbeidet. Dette kan vera aktuelt blant anna i forhold til informasjon, medverknad og involvering.

# 1 Rammer og premisser for planarbeidet

## 1.1 Føringer og loverk


[Konvensjonen om biologisk mangfold](#) var felles internasjonale mål om å stanse tap av naturmangfold innan 2020. Norge forplikta seg til dette gjennom dei såkalla [Aichi-måla](#), som i 2020 blei revidert og implementert i Norge sine nasjonale mål.

[FN sitt naturpanel](#) – konkluderte i 2019 med at det ikkje var mogleg å nå dei internasjonale måla innan 2020. Utrydding av artar skjer nå i eit mykje raskare tempo enn før, hovudsakleg grunna menneskeskapte påverknader; endring av arealbruk, nedbygging, intensiv arealutnytting, klimaendring, forureining mm

[Naturavtalen](#) – i desember 2022 blei verdas land samde om eit nytt globalt rammeverk for å bevare naturen som har som mål å stoppe og reversere tap av natur og økosystem. Avtalen legg opp til at alle land i 2024 skal legge fram nasjonale handlingsplanar for naturmangfold i tråd med avtalen og dei globale mål. Dette følgjer Norge opp med ei Stortingsmelding om natur, der regjeringa vil leggje fram kva Norge vil gjere for å nå dei internasjonale måla.

[Naturavtalen på norsk.](#)

[FN sine berekraftsmål](#) I forslag til planprogram for neste kommuneplan for Hjelmeland har ein foreslått at FN sine berekraftsmål skal leggjast til grunn, og ein har framheva nokre som skal prioriterast, knytt opp mot våre mål for lokalsamfunnsutviklinga.



Figuren viser dei prioriterte FN-berekraftmåla for Hjelmeland

Figuren over illustrerer at berekraftsmåla består av tre dimensjonar: klima/miljø, sosiale forhold og økonomiske forhold. Desse må sjåast i samanheng: me sikrar ikkje sosial og økonomisk berekraft utan å ivareta klima og miljø. I Hjelmeland er naturen basis for våre

viktigaste næringar, og berekraftsmål 14 livet i havet og berekraftsmål 15 livet på land er difor grunnleggjande berebjelkar for vår samfunnsutvikling.

### [Naturmangfaldlova](#)

Formålet med loven er at ein skal ta vare på naturen med biologisk, landskapsmessig og geologisk mangfald og økologiske prosesser ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskene si verksemd, kultur, helse og trivsel, nå og i framtida, også som grunnlag for samisk kultur.

Loven er eit viktig verktøy og den gjeld for alle sektorar som forvaltar naturmangfald eller som tek avgjerder som får konsekvens for naturmangfaldet.

### [Plan og bygningslova](#)

er den sentrale loven for å styre arealbruk i kommunen, og loven skal sikre samordning og avvegingar i forhold til samfunnsinteresser. Kommunen må ivareta nasjonale, regionale og lokale miljøinteresser i arealplanlegginga. I arealplanar skal kommunen legge premisser for å ta omsyn til klima, natur- og friluftsområde og miljøkvalitetar.

### [Vassressurslova](#)

Har til føremål å sikra ei god forvaltning av alt vatnet - i vassdrag og grunnvatnet. Ei god forvaltning av vatnet er avgjerande for å ta vare på naturmangfald knytt til vatn og vassdrag.

### [Lov om laksefisk og innlandsfisk mv.](#)

Lova er viktig for å sikre at naturlege bestandar av anadrome laksefisk, innlandsfisk og deira leveområde og andre ferskvassorganismar blir forvalta på ein forsvarleg måte. Dette både for å ta vare på mangfaldet i naturen og for å sikra produktiviteten i vassdraga.

### [Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag](#)

Set forbod mot fysiske tiltak i og langs vassdrag som kan vera til skade for fisk og andre ferskvassorganismar.

### [Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging 2023 – 2027](#)

Regjeringa legg kvart 4.år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje berekraftig utvikling i heile landet. Særskild aktuelt for dette tema er *Kapittel 5 Klima, natur og miljø for framtida*, og spesifikt kapittel 5.3 *Ta vare på naturmangfald, friluftsiinteresser og kulturmiljø*.

### [Stortingsmelding 14 \(2015-16\) Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold](#)

i 2024 skal ei ny stortingsmelding om natur leggjast fram som ei oppfølging av den globale naturavtalen.

### [Statlege retningslinjer for arealbruk og mobilitet](#)

3.10: Klima, naturmangfold og friluftsliv: *Det skal tas hensyn til viktige arealer for friluftsliv og naturmangfold, samt karbonrike arealer, slik at disse arealenes kvalitet og evne til*



*økosystemtjenester, karbonlagring og klimatilpasning opprettholdes*». Retningslinja er på høyring nå våren 2024

[Statlege planretningslinjer for klima og energi](#)

1. Formål b) Retningslinjene skal bidra til at: .....b) *livsgrunnlaget og naturmangfoldet sikres for dagens og framtidige generasjoner*». Retningslinja er på høyring nå våren 2024

**Regionale føringar:**

[Utviklingsplan for Rogaland – 2025-2028 – Høyringsutkast](#). Fylkeskommunen sin planstrategi.

[Regionalplan for vannforvaltning 2022 – 2027](#) – vedtatt Rogaland fylkesting 2021

[Regionalplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024](#) – vedtatt Rogaland fylkesting 2017

[Heiplanen \(Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei\)](#) – vedtatt av fem fylkeskommunar i 2012. Primært mål/retningslinjer for villreinforvaltning

[Hjelmeland kommune sin kommuneplan Samfunnsdel – vedtatt 2019](#)


[Hjelmeland kommune sin kommuneplan Arealdel – vedtatt 2019](#)

## 1.2 Status i Hjelmeland

I 2002 blei det gjennomført ei kartlegging av naturtypar i Hjelmeland, og ei kartlegging av viktige viltområde. Målet var det same som nå, og få betre oversikt og betre grunnlag for saksbehandlinga. Registreringane blei gjort etter DN Håndbok 13 for naturtypekartlegging. Ein kunne sjølv sagt ikkje nå å kartleggja heile kommunen, og kartlegging blei gjennomført i utvalde område. Seinare er det utført fleire kartleggingar blant anna etter prioriteringar som Statsforvaltaren har gjort ut frå behov om meir kunnskap om viktige naturtypar. Nokre av områda frå 2002 kartlegginga er kartlagt på nytt. Det er også utført kartleggingar i sjøen etter DN Håndbok 19. Fokus her har vore ålegras, tareskog og viktige gyteområde.

Seinare er metodikken i DN Håndbok 13 bytta ut med Miljødirekotratet sin instruks NiN (Naturtyper i Norge). Utanfor dei store verneområda er 7,8 % av areala kartlagt etter NiN-instruksen. På desse areal blei 17,6 % av området identifisert som naturtype.

Kartet nedanfor viser kva for område som er kartlagt etter dei ulike metodane.



Figur – viser kartlagde areal blå/lilla NiN-kartlagt, grønn skravur – DN håndbok 13, lys grønn (sjø) – DN Håndbok 19 (kartutsnitt frå Naturbase – sett inn lenke)

Utvalgte naturtyper (jf. Forskrift om utvalgte naturtyper etter Naturmangfallova):

I Hjelmeland er det registrert 286 førekomstar fordelt på tre ulike utvalde naturtypar:

Hule eiker: 212 registreringar, men me veit at det er mange fleire

Kystlynghei: 72 kartlagde einingar, også her veit me at det er fleire

Slåttemark: 2 kartlagde einingar – ei på Knutsvik og ei på Fundingsland

Prioritert art ( Forskrift om skredmjelt som prioritert art):

I Norge er det sju arter som har si eiga forskrift som prioritert art. I Hjelmeland har me ein av desse:

Skredmjelt – i Førrejuvet og ved Austmannshovet, Ritland,

Ansvarsarter:


Dette er arter der den norske populasjonen utgjer 25% eller meir av den europeiske populasjonen. I raudlista frå 2021 er det 282 arter som er klassifisert som ansvarsartar, mange av dei artane som er registrerte i Hjelmeland er ansvarsartar. Villrein er ein t.d. ein ansvarsart. – sjekk lovgrunnlag/avtale

### Raudlisteartar:

Hjå artsdatabanken er det registert funn av 265 ulike arter som står på raudlista. Dette er registreringar gjort over veldig mange år, slik at ein del av desse må ein rekne med å ikkje finne nå. På den andre sida er det framleis område som ikkje er kartlagt og ein kan rekne med å finne nye arter.

### Verna område:

Hjelmeland har om lag 22 % verna natur, noko av dette er NiN-kartlagt og Statsforvaltar/Miljødirektoratet arbeidar etter ein plan for kartlegging av verneområda.



*Utsnitt frå Temakart Rogaland som viser verneområde i Hjelmeland.*

### Framande arter:

I samband med naturkartlegging og artsobservasjonar blir det også registrert framande og uønska artar. Det er ein del framande artar som er godt etablerte i kommunen, men me manglar ein god oversikt over omfanget.

NIBIO-rapporten «[Kartlegging av karbonrike arealer - Kunnskapsgrunnlag til regionalplan for klimaomstilling i Rogaland](#)» blir lagt til grunn som kunnskapsgrunnlag – viktig i høve naturen sin produksjon av økosystemtenester, karbonbinding.

### Vassdrag – vann-nett



Som del av oppfølginga av EU sitt vanndirektiv og den norske vannforskrifta er vatnet i Norge blir kartlagt, og det er utarbeidde planar for oppretthalda og forbetra tilstanden på vatnet. Arbeidet med utarbeiding av vannforvaltningsplanar og handlingsplanar er organisert i vannregionar og vannområde. Som ein del av vannforvaltningsarbeidet er også det meste av vatnet tilstandsvurdert. Miljøtilstand og eventuelle fagrapportar for den einskilde vassførekomst finn ein i portalen [Vann-nett](#):

### **Kommuneplanens arealdel – omsynssone natur**

I kommuneplanens arealdel er 82 område i Hjelmeland markert med «omsynssone natur» og lista opp. Dette er naturtypar som er kategorisert som svært/nasjonalt viktige i verdiklasse A. I desse områda er det direktoratet sine tilrådingar om forvaltning og skjøtsel som skal gjelde som retningslinjer. Dette gjeld naturverdiar både på land og sjø.

### **Fagrapportar/KU for tiltak**

I samband med utarbeiding av planar etter plan- og bygningslova, eller søknad om større tiltak, byggetiltak, vassdragsutbyggingar eller tilsvarande, blir det ofte utarbeidd rapportar om naturmangfald og konsekvens av tiltak. Denne typen rapportar har også mykje viktig naturinformasjon, som kan vera relevant for planarbeidet.

### **Aktuelle lenker til nettbaserte kartdatabasar :**

[Temakart Rogaland](#) – Rogaland Fylkeskommune

[Naturindeks](#) – Miljødirektoratet

[Artsdatabanken – Natur i Norge](#) - Kunnskapsbase for naturmangfold

[Naturbasen](#) – Miljødirektoratet

[Yggdrasil](#) – Fiskeridirektoratet

[Vann-nett](#): - Miljødirektoratet

## 1.3 Omfang og innhald av kommunedelplanen

Plan for naturmangfald skal vera ein tematisk kommunedelplan, og er ikkje juridisk bindande for arealbruken. Den skal gi rammer og føringar for saksbehandling og innhald i kommunen sine planar, og har mål og strategiar i eit 12-års perspektiv. Den skal t.d. vera ein del av grunnlaget for å utarbeida ein arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel, som skal vidareførast i arealdelen. Samstundes vil informasjonen i planen kunne nyttast i enkeltsaksbehandling etter plan- og bygningslova.

Planen skal gjelde for heile kommunen, både på land og i sjøen. Den skal omhandle mangfaldet naturtypar, artar, landskap, geologi, økologiske samanhengar og prosessar.

## **Planen vil innehalde ein tematisk del og ein handlingsdel.**

**Den tematiske delen** vil samla den eksisterande kunnskapen om naturmangfaldet i kommunen i ein oversikt. Den vil blant anna peike på trua og sårbare artar, verdifulle naturtypar og område av lokal verdi i Hjelmeland kommune. Slike lokalt viktige område kvalifiserer ikkje alltid til verdifull natur jf. kartleggingsinstruksen, men kan likevel vera viktige økologiske funksjonsområde, til dømes gjeld dette kantsonar langs vassdrag. Planen vil også ta for seg naturtypar og artar av lokal og regional verdi. Dette vil danna eit kunnskapsgrunnlag både for planlegging og saksbehandling i kommunen og for befolkninga. Den samla oversikten over eksisterande kunnskap vil også synleggjere område/tema der me manglar kunnskap.

Trongen for meir kartlegging av natur blir då i hovudsak tiltak i handlingsdelen til planen, men noko vil ein kunna gjera som ein del av planarbeidet.

Den tematiske delen vil gjera greie for føringar, lovverk, status og utfordringar for naturmangfaldet i kommunen. Planen vil gi målsettingar, og eventuelt retningslinjer, for korleis me skal ta vare på naturmangfaldet i Hjelmeland.

**Handlingsdelen** skal gjera greie for tiltak for dei viktigaste satsingsområda og utfordringane for naturmangfaldet i kommunen. Den 4-årige handlingsdelen skal rullerast årleg, og tiltak skal vurderast i kommunen i arbeidet med handlingsprogram og årsbudsjett.

Handlingsdelen kan også innehalda føringar og retningslinjer for krav til kartlegging og kunnskapsinnhenting i samband med nye planar og tiltak. Til dømes vil ein kunne setja krav om naturkartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks.

### **Kort sagt skal kommunedelplanen for naturmangfald svara på følgjande:**

- Kva har me kartlagt av naturmangfald i kommunen?
- Kva treng me å få kartlagt?
- Kva for område og artar er det særskilt viktig å ta vare på?
- Korleis skal me sikra at naturmangfaldet blir tatt vare på framover – også sett i lys av klimaendringar og naudsynte klimatilpassingar.
- Planen skal ha fokus på kvardagsnaturen og lokalt viktige naturområde, areal som er viktig for naturmangfald, rekreasjon, oppleving, friluftsliv, folkehelse, bu – og besøksattraktivitet
- Lokal støtte til NIN kartleggingar, særleg der grunneigar ønskjer det, skal prioriterast
- Rettleiing og fagleg støtte til grunneigarar som ønskjer vurdering av frivillig skogvern er aktuelt tiltak i handlingsplanen
- Hjelmeland kommune kan vurdere å bli deltakarkommune i NyVest - Arealrekneskap i Vestlandet

## **1.4 Formål med planarbeidet**

Hovudmålet med kommunedelplanen for naturmangfald er å få ein heilskapleg oversikt over verdifulle naturområde og artar i Hjelmeland kommune. Planen skal vera eit grunnlag for å styrke kommunen sitt arbeid med å ivareta naturverdiane.

Planen skal vera eit retningsgjevande styringsverktøy for kommunen og gi eit betre grunnlag for å avvege interesser, forenkla saksbehandlinga og gjera det meir føreseieleg korleis naturverdiar blir forvalta. Blant anna skal planen danna noko av grunnlag for ein arealstrategi i kommuneplanen sin

samfunnsdel, som igjen skal vidareførast i kommuneplanen sin arealdel. Planen skal gi konkrete føringar for krav om kartlegging og KU i samband med planarbeid og søknadar om tiltak. Dette vil også bidra til ei heilskapleg kartlegging av kommunen.

Eit viktig delmål er å utløysa engasjement og oppfordra til medverknad og eigarskap i planen. Vidare er målet at arbeidet med kommunedelplanen skal føra til auka kompetanse om naturmangfald, både internt i kommunen, men også blant folk flest.

## 2 Organisering av planarbeidet – Planprogram

### 2.1 Organisering

Det er kommunestyret som fattar vedtak om oppstart av planarbeidet, som gir mandatet i form av dette planprogrammet og som fattar det endelege vedtaket av kommunedelplanen. Formannskapet vil vere styringsgruppe. Ein foreslår at det blir nedsett ei administrativ prosjektgruppe som vil ha som oppgåve å utføre planarbeidet og å sikre god framdrift i utarbeiding av planen. Prosjektgruppa består av leiar på Plan- og forvaltning + rådgjevar landbruk/næring og arealplan. Dei andre rådgjevarane på avdelinga har både kompetanse og fagansvar som er relevant i dette planarbeidet, slik at heile avdelinga er involvert i planarbeidet. Ein treng òg kompetanse/ressursar ift informasjon medverknadsarbeid, i form av ei administrativ ressursgruppe. Planarbeidet vil gå relativt parallelt med utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel; og det kan skape både utfordringar og føremoner kva gjeld medverknad og informasjonsflyt.

ROLLE	KVEN GJER DET
Mandat og vedtak	Kommunestyret
Politisk styringsgruppe/ Kommuneplanutvalet	Formannskapet
Politisk referansegruppe	Areal- og forvaltningsutvalet
Administrativ styringsgruppe	Kommunedirektør Kommunesjef Samfunn/Næring Plan- og forvaltningssjef
Administrativ arbeidsgruppe	Avdeling plan og forvaltning
Administrativ ressursgruppe /informasjon/medverknad	Fagleiar kundesenter Rådgjevar digitalisering

## 2.2 Framdriftsplan for planprosessen

Tilskot frå Miljødirektoratet forutset at politisk vedtak om oppstart av planarbeid eller vedtak av planprogram med framdriftsplan for den vidare planprosessen, seinast 31.10.2024

Miljødirektoratet har vidare sett som vilkår at planarbeidet skal gjennomførast slik at naturmangfaldplanen kan vedtas innan 1.april 2026.

Framdriftsplanen legg opp til at arbeidet med kommunedelplan naturmangfald skal gå nokonlunde parallelt med utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel

TIDSAKSE	MILEPEL	AKTØR
April – mai 2024	Utarbeiding av utkast til planprogram kdp naturmangfold	Administrasjonen
28.Mai 2024	Oppstartsamling for kommunar i Oslo v/Miljødirektoratet	Rådgjevar POF deltar
4. juni 2024	<b>Framlegg planprogram</b> kdp naturmangfald	Formannskapet
13.juni 24	<b>Legg planprogram ut til høyring</b>	<b>Kommunestyret</b>
11a juni 24	Kunngjering av planprogram	Administrasjon
26 august 24	Frist for innspel til planprogram og kartleggingsarbeid	Administrasjonen
12. september 24	<b>Fastsette planprogram kdp naturmangfald</b>  Oppstartsvedtak planarbeid	Kommunestyret
Sommaren - haust 2024	Få oversikt over eksisterande kunnskapsgrunnlag og lage plan for ny naturkartlegging der det er behov.	Administrasjonen vha konsulent
11a september 24	Kunngjere oppstart av sjølv planarbeid	Administrasjonen
Haust 2024	Opne folkemøte, dialogmøte med kompetansmiljø/interessegrupper  Samordne med møter ifm kommuneplanens samfunnsdel.	Administrasjon, politikarar og konsulent
6. november 24	«Skogen – Om tre, folk og 25 000 andre artar» Foredrag : kunnskapsformidling om natur v/forskar og biolog Anne Sverdrup-Thygeson	Kommunen/Turlaget  Biblioteket



Haust 2024 Høyringsfrist desember 24	Bearbeide innspel/ Kartlegging Arbeide med planforslag	Administrasjon + konsulent
Januar 2025 – feb 2025	Samarbeid med NIBIO/NINA/HI og andre faginstansar	Administrasjon + konsulent
Februar 2025	Planforslag Kommunedelplan Naturmangfald 1. gongsbehandling	Kommunestyret
Februar – mai	Kunngjering og informasjon Høyring Medverknad – samordne med kommuneplanens samfunnsdel	Administrasjonen
Mai 2025	Bearbeide planforslaget etter høyringsrunden	Administrasjon
Maijuni	Framlegg – endeleg planforslag	Formannskapet
Juni 2025	Endeleg vedtak av Kommunedelplan for Naturmangfald.	Kommunestyret
Ut 2025	Kunngjering vedtatt plan Informasjon	Administrasjonen

### 2.3 Medverknad

Ein kommunedelplan skal utarbeidast i tråd med plan- og bygningsloven (PBL) sine prosesskrav, og medverknad frå statlege, regionale/ offentlege organ, organisasjonar og private grupper/enkeltpersonar skal sikrast. Jf PBL § 4.1 skal planprogrammet gjere greie for medverknadsprosessen

Innhenting av kunnskap: Privatpersonar, interesseorganisasjonar, grunneigarar, landbruksnæringa og fiskeri-/akvakulturnæringa sit med mykje lokalkunnskap, og kan ha kunnskap om naturmangfald som ikkje nødvendigvis går fram av kartleggingar. Det er difor viktig å nå breitt ut med planarbeidet og informasjon om kunnskapsinnhentinga.

Ein legg opp til at planarbeidet skjer rimeleg parallelt med utarbeiding av kommuneplanens samfunnsdel, og det er viktig å samordne desse to prosessane. Til dømes kan ein «bruke» same folke/grende-møter til å informere/orientere om naturmangfaldplanen, og òg innhente innspel på same måten. Naturmangfaldplanen omfattar eit «smalare tema» enn kommuneplanens samfunnsdel, og opplegg for medverknad blir såleis litt mindre omfattande. Ein finn det likevel hensiktsmessig å bruke litt av same medverknadsopplegg som til samfunnsdelen, då dette venteleg vil skje relativt parallelt i tid.

### Forslag til medverknadsopplegg:

- Formelle kunngjeringar på kommunen sine nettsider og lokalavisa Strandbuen
- Folkemøte /grendavise møte – samordne med kommuneplanens samfunnsdel
- Innspelskjema /digitalt for den enkelte, lag/foreningar og eksterne myndigheiter. Ønskjer innspel både på naturkunnskap og på korleis kommunen skal prioritere/ ta omsyn til naturmangfald.
- Generell kunnskapsformidling: td legge ut bilde og info på våre sosiale media om naturmangfald i kommunen.
- Informere breitt om kunnskapsinnhentinga/kartlegginga: kor/kvifor/korleis det skjer
- Arrangement med fokus på natur gjerne i samarbeid med frivillige lag: td foredrag med biolog Anne Sverdrup-Thygeson i biblioteket
- Følgje dialogopplegget til Miljødirektoratet saman med andre kommunar
- Møter/dialog med faginstansar som td: Norsk institutt for naturforskning, Norsk institutt for bioøkonomi, Havforskningsinstituttet, Andre interesseorganisasjonar via Sabima
- Møte med grunneigarar og landbruksorganisasjonane, fiskeri-/akvakulturnæringa enkeltvis og gruppevis.
- Planarbeidet skal nytte lokalkunnskap frå grunneigarar og innbyggjarar i kunnskapsinnhentinga.
- Planarbeidet skal aktivt engasjera barn og unge som ressurs, som til dømes prosjekt/temaarbeid i grunnskule og barnehage, involvering frå Ungdomsrådet m.m.

## 2.4 Behov for utgreiingar

Oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturmangfald må leggjast til grunn i all planlegging. God og lett informasjon om arealstatus og kva ein finn av kunnskap og registreringar er viktig både for grunneigarar, allmennheita og forvaltninga. Mykje av det som finst av kartleggingar finn ein tilgjengeleg i ulike innsynsløysingar på nett, gjerne kartbasert.

Som det går fram av kartet i kap. 1.2 så er det aller meste av kommunen ikkje kartlagt. Dette gjeld også for dei delane av kommunen der det bur folk og er stor aktivitet. Det medfører at kunnskapsgrunnlaget ofte vil vera manglande når ein skal gjera konsekvensvurdering ved behandling av einskildsaker eller i planar. Blant anna for vurdering av innspel til kommuneplanen sin arealdel vil det vera behov for eit betre kunnskapsgrunnlag. Kva for geografiske område som bør prioriterast for kartlegging framover, må også sjåast i samanheng med behovet for «planvask» i den føreståande prosessen med kommuneplanen sin arealdel.

Samstundes er det allereie utarbeidd ein del fagrapportar og KU for tiltak som utgjer ein del av det eksisterande kunnskapsgrunnlaget. Kommunen har ikkje ein oversikt over denne kunnskapen og ein del av utgreiingsbehovet vil vera å få laga ein oversikt over det som finst av allereie utarbeidde fagrapportar og KU for tiltak.

Landbruksnæringa forvaltar og skjøttar veldig store deler av naturen i Hjelmeland. Dei såkalla semi-naturlege naturtypane, det me ofte kallar jordbrukslandskapet eller kulturlandskapet, har ofte eit stort mangfald av artar og naturtypar. Mange av dei er trua fordi driftsformene endrar seg, nokre er trua av meir intensive driftsformer og andre av at drifta avtar. For at det skal vera føreseieleg for

landbruket korleis dei ulike areala kan drivast og forvaltast, og som hjelp til saksbehandling i tilskotssaker og i nydyrking- og vegsaker er det behov for meir kartlegging.

I skogbruket er det krav om miljøplan før hogst og dette vil bidra til å auka kunnskapen om naturmangfald i skog. Desse kartleggingane er ikkje like omfattande som naturkartlegging etter Miljødirektoratet sin instruks. Det kan også vera skogsområde som er viktige å få kartlagt, som ikkje er aktuelle for hogst, men kanskje andre typar tiltak og aktivitet. Det vil difor vera naudsynt å vurdere om det er behov for kartlegging i skog.

Forslag til område som av ulike omsyn kunne vore prioriterte ift kartlegging:  
Nessa, Lyngsheia, Vormedalen

Også på sjøen er aktiviteten stor i Hjelmeland og for å kunna styra bruken av sjøområda er det behov for kunnskap. Difor kan det også bli aktuelt å kartleggja natur i sjø.

Kartlegging av areal som er aktuelle og eigna for naturrestaurering/tilbakeføring, medrekna vassdragsrestaurering, skal vurderast å vere ein del av planarbeidet, eventuelt eit tiltak i handlingsdelen til planen

Ein finn det vanskeleg å konkludere med kva og kor det er behov for kartlegging. Prosessen framover, både med planprogram og sjølve kommunedelplanarbeidet (parallelt med sjølve kommuneplanen), vil vere med å avdekke dette behovet. Tanken med kommuneplanen er at denne i seg sjølv òg skal bli ein plan for vidare framtidig kartleggingsbehov, der ein der tar stilling til prioritert kartlegging.

Lage oversikt over det som finns av allereie utarbeidde fagrapportar og KU for tiltak – t.d. fagrapportar som er utarbeidde i samband med reguleringsarbeid etter plan- og bygningslova.